



# Haugaland brann og redning iks



## Årsmelding 2022

Haugesund, 08.03.2023

Dag Botnen  
brannsjef

# INNHALD

<b>0</b>	<b>BRANNSJEFEN SITT FORORD</b>
<b>1.0</b>	<b>GENERELT</b>
1.1	Organisasjon
1.2	Ansvarsområde
1.3	Visjon
1.4	Mål
1.5	Oppsummering 2022
<b>2.0</b>	<b>BEREDSKAPSAVDELING</b>
2.1	Delmål
2.2	Tilsette
2.3	Kompetanseheving
2.4	Utrykningar
2.5	Varslingsentral/samband
2.6	Samarbeidsavtalar
<b>3.0</b>	<b>LOGISTIKKAVDELING</b>
3.1	Delmål
3.2	Tilsette
3.3	Køyretøy, utstyr og materiell
3.4	Brannstasjonar
3.5	Kontroll, vedlikehald og ettersyn
3.6	Ressursstasjonar
<b>4.0</b>	<b>FØREBYGGJANDE AVDELING</b>
4.1	Innleiing
4.2	Delmål
4.3	Tilsette
4.4	Særskilte brannobjekt
4.5	Informasjonstiltak og motivasjon
4.6	Risikoutsatte grupper
4.7	Øvrige førebyggjande oppgåver
4.8	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
<b>5.0</b>	<b>ADMINISTRASJON</b>
5.1	Administrasjon
5.2	Oppgåver
5.3	Likestilling og mangfald
5.4	Helse, miljø og sikkerheit
5.5	Informasjon
5.6	Sjukefråver
5.7	Prosjekt
<b>6.0</b>	<b>STYRE OG REPRESENTANTSKAP</b>
6.1	Møteaktivitet styret
6.2	Møteaktivitet representantskap
6.3	Anna møteaktivitet
<b>7.0</b>	<b>REKNESKAP</b>
7.1	Innleiing
7.2	Rekneskap - drift
7.3	Rekneskap - investeringar

## Bilete og illustrasjonar:

Alle bilete er henta frå intern og ekstern side på Facebook og teke av eigne tilsette i Haugaland brann og redning iks. Illustrasjonar er laga i Midjourney (KI).

## 0 BRANNSJEFEN SITT FORORD

### Velkomen til Haugaland brann og redning iks sin femte årsmelding!

Året 2022 har vore veldig krevjande, men også veldig spennande. Frå etableringa av selskapet og fram til i dag, har me stått overfor venta, men også uventa utfordringar. Me er stolte av å ha kome oss gjennom desse på ein god måte der løysingar som er valt, dei er til det beste for alle. Som eit selskap i ei etableringsfase er det viktig å reflektere over kva resultat som er nådd, og samtidig vera audmjuke for dei område som me ikkje har lukkast like godt på, men som me skal lære av og verta betre på.

Det er viktig at me av og til løftar blikket og ser Haugaland brann og redning iks frå eit fugleperspektiv. Det me då vil sjå er eit brann- og redningsvesen som er ein samfunnsviktig og -nyttig arbeidsplass for 40 heiltidstilsette og 260 deltidstilsette. Mandatet frå eigarane om etablering er godt på veg gjennomført og me er i retning av ei meir forutsigbar driftsfase. Verksemda har system og innfrir krava til ein trygg og forsvarleg arbeidsstad. Det er høg kompetanse blant dei tilsette og me har ein posisjon i det regionale og nasjonale beredskapsarbeidet. Sjukefråver og gjennomstrøyming er låg, noko som vitnar om eit solid arbeidsmiljø.

Me har i dag eit brann- og redningsvesen som eg er stolt av og som driv kostnadseffektivt. Derfor er det leit å høyra at omdøme vårt ikkje alltid er i samsvar med realitetane. Omdømebygging vil og må vera eit satsingsområde framover. Me må få fram at me reddar mange liv kvart år, me sparar samfunnet for store økonomiske tap gjennom førebyggjande og beredskapsarbeid. Våre 300 dedikerte og dyktige tilsette er kvar dag i beredskap, utøver førebyggjande arbeid og handtere hendingar på ein effektiv og profesjonell måte når dei oppstår.

Me må løfte dei tilsette opp og fram. Den jobben som vert gjort, står til terningkast «10». Det som derfor er viktig framover, er å verdsette denne innsatsen og få fram viktigeita overfor våre eigarar og for innbyggjarane at Haugaland brann og redning iks er «kvardagsberedskapen» og er ein grunnpilar for eit trygt lokalsamfunn.

Ein positiv oppleving i 2022, var at Arbeidstilsynet kunne etter tilsyn konkludere med at me hadde gjort jobben vår innanfor dei områda som tilsynet var med bakgrunn i. Ser me dette opp mot arbeidsmiljøundersøking som vart gjennomført i 2022, får me ein stadfesting på at me har tilsette som både er stolte og tilkjennegir at dei har trivsel på arbeidsplassen. Me har ein sunn og god arbeidsplass for alle våre tilsette.

Me skal ikkje la andre skrive vår historie, den skal me skrive sjølv. Derfor er det viktig at me får høve til å seie korleis Haugaland brann og redning iks leverer høg kvalitet og gode tenester gjennom denne årsmeldinga.


God lesnad!

  
Dag Botnen  
brannsjef

## 1.0 GENERELT

### 1.1 Organisasjon

Oppstart:	1. juli 2018.
Organisasjonsform:	Interkommunalt selskap.
Eigarar per 1.1.2022:	Bokn, Etne, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.
Hovudkontor:	Diktervegen 8, Haugesund.
Dimensjonering:	76 000 innbyggjarar.
Tilsette per 1.1.2022:	39 heiltids- og 311 deltidstilsette.
Stasjonar:	20 stasjonar.
Organisasjon:	



## 1.2 Ansvarsområde

Haugaland brann og redning iks sine oppgaver er å, jfr. brannvernlova § 11:



gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farar ved brann, brannverntiltak og korleis ein skal opptre ved brann og andre akutte ulukker.

gjennomføre brannførebyggande tilsyn



gjennomføre ulukkesførebyggande oppgåver i samband med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på veg og jernbane.

å utføre nærare bestemte førebyggande og beredskapsmessige oppgåver i krigs- og krisesituasjonar



vera innsatsstyrke ved brann

vera innsatsstyrke ved andre akutte ulukker der det er bestemt med grunnlag i kommunen sin risiko- og sårbarhetsanalyse og



sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Etter selskapsavtalen kan HBR ta på seg andre oppgåver eigarane og selskapet er einige om. Det føreligg per i dag ikkje slike oppgåver.

## 1.3 Visjon

***"Haugaland brann og redning iks skal vera leiande i Norge innanfor sine fagområde"***

Visjonen skapar ein retning for selskapet og er ein framtidig og endeleg tilstand.

Ein oppfylling av visjonen vil gje ei kostnadseffektivt brann- og redningsteneste gjennom smart og effektiv drift, delaktigheit i nasjonale løysingar, sal av konsept med meir.<sup>1</sup>

## 1.4 Mål

Haugaland brann og redning iks har som mål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farleg stoff og farleg gods og andre akutte ulukker.

Haugaland brann og redning iks skal utføre tenester med høg kvalitet og som tilfredsstillar dei krav og forventningar som eigarar og publikum skal forvente av brann- og redningstenesta.

<sup>1</sup> Det er viktig å påpeika at visjonen vil medføre redusert kostnad. Eksempel: sal av tenester (leiarstøtte, fagekspertise i evalueringar), ressursstasjonsløyising m.m.

### Beredskap

- a) Kompetansebygging er eit kjerneområde for selskapet der det innanfor beredskapsavdelinga er mange omfattande krav. Desse er for 2022 følgt opp med pålagte kurs som grunnkurs, leiarkurs, kurs i køyring av utrykningskøyretøy, røykdykkarkurs, akutthjelparkurs, nettkurs med fleire.
- b) Øvingar er gjennomført i tråd med plan der øvingane for alle mannskap vert i all hovudsak gjennomført på kveldstid. Det vert gjennomført både lag- og fullskalaøvingar.
- c) Det har vore 1028 utrykningar i 2022, noko som er 4 % fleire enn for 2021 og 16 % fleire enn for 2020. Hovudkategoriane er automatiske brannalarmer (36 %), brannar (18 %), trafikkulukker (14 %) og helseoppdrag (14 %). Øvrige utrykningar er alt frå forureining, drukningar, restverdiredning med meir.
- d) Det er rekruttert 22 nye brannkonstablar i deltidstillingar. I heile stillingar er ingen slutta i 2022.

### Logistikk

- a) Hovudoppgåva i 2022 har vore å følgje opp hovudbrannstasjon og øvrige brannstasjonar i samband med mandat i selskapsavtale som igjen tilskriv seg pålegg frå Arbeidstilsynet om forskriftsmessige stasjonar.
- b) Ei anna viktig oppgåve i 2022 har vore å få eit endå betre system for drifta av 20 stasjonar, 80 køyretøy og fleire 100 utstyr/materiell som skal ha god forvaltning, drift og vedlikehald gjennom to effektive ressursstasjonar (Ølen og Kopervik), dyktige teknikarar og ei digital base (Bliksund) for å kunne følgje opp i det daglege.
- c) Det er ikkje gjennomført investeringar i 2022 utover å innfase ny tankbil i Sveio (investering i 2021) samt å kjøpe inn 200 redningsdressar til dei i selskapet som endå ikkje har dette.

### Førebyggjande

- a) Det er gjennomført 193 tilsyn eller tilsvarende tiltak med særskilte brannobjekt.
- b) Det er gjennomført 11 tilsyn/tilsynsaksjonar med andre tilsynsetatar.
- c) Det er mottatt og handsama 17 branntips/bekymringsmeldingar.
- d) Det er mottatt 34/43 meldingar om arrangement/overnattingar.
- e) Det er gjennomført 5 «etter brannen» aksjoner.
- f) Det er gjennomført brannførebyggjande opplæring for ca. 865 personar
- g) Det er handsama 44 høyringar på plan-/byggesaker.
- h) Det er handsama 46 søknader knytt til fyrverkeri og farleg stoff
- i) Det er gjennomført 12 728 tilsyn med fyringsanlegg som er 44 % meir enn for 2021.
- j) Det er gjennomført 10 753 feingar av fyringsanlegg som er 25 % meir enn for 2021.

### Administrativt

- a) Også 2022 har vore eit krevjande år med tanke på etablering av selskapet som følgje av uro i organisasjonen, både politisk- og på tilsettnivå. Utover 2022 har dette stabilisert seg og selskapet gjekk ut av 2022 med ein positiv attendemelding frå dei tilsette gjennom ein arbeidsmiljøundersøking.
- b) Kommunane Suldal og Etne har meldt sin uttreden av selskapet der det i 2022 er arbeidd med å etablere ein prinsippavtale om rettar og plikter ved ein slik uttreden. Avtalane vart signert desember 2022.
- c) Selskapet har økonomiske utfordringar som ein konsekvens av nye driftskostnadar rundt auke i husleige frå eigarkommunane, nye krav til løn gjennom SFS 2404, høg deflator, vekst i tal utrykningar med meir.
- d) Det er gjennomført 9 styremøte, 5 representantskapsmøte og 5 eigarmøte. Fleire av dei ekstraordinære møta er knytt opp mot den uro som har vore i selskapet samt uttreden av Suldal og Etne kommunar.

## 2.0 BEREDSKAPSAVDELING

### 2.1 Delmål

Beredskapsavdelinga skal redusere konsekvensane ved brann og andre ulykker gjennom effektive tiltak når uønskete hendingar skjer. Dette skal gjerast med bakgrunn i tiltak fastsett gjennom ei beredskapsanalyse som sikrar oss i å gjere målretta og effektive tiltak mot uakseptabel risiko.

### 2.2 Tilsette

I det geografiske ansvarsområdet til Haugaland brann og redning iks er det ein inndeling med tre områder for å sikre eit overkommeleg kontrollspenn for områdeleiar og oppfølging av kvar einskild tilsett. Som følgje av ein arbeidskonflikt som har vore aktiv over lengre tid samt personalmessige forhold, er det gjort fleire grep som avvik frå opprinneleg brannordning:

- Etne kommune tok over arbeidsgjevaransvar for tilsette i Skånevik og Etne frå og med 1.4.2022.
- Det vart ny leiarstruktur for områda: Områdeleiar i Vest har midlertidig ansvar også for område Midt. Vidare er det gjort endringar i ei administrativ stilling som sikrar leiding i 50 % for område Øst.
- Det er midlertidig lagt personalansvar for områdeleiar i område Øst til dagleg leiar. Utover dette følgjer ansvar ordinære linjer i organisasjonen.

Mannskap er fordelt på 20 stasjonar etter følgjande tabell:

Stasjon	Kommune	Mannskap	Brannsjefsvakt	Innsatsleiarvakt	Utr.leiarvakt	Mannskapsvakt
Førde	Sveio	14	5-delt	4-delt <sup>2</sup>	-	-
Sveio	Sveio	14			4-delt	-
Aksdal	Tysvær	16			-	Helgevakt m/2 konst.
Tysværvåg	Tysvær	16			-	-
Nedstrand	Tysvær	16			-	-
Bokn	Bokn	18		-	-	
Skudenes	Karmøy	16		4-delt	4-delt	4-delt m/3 konst.
Åkra	Karmøy	16			4-delt	4-delt m/3 konst.
Kopervik	Karmøy	20			4-delt	4-delt m/4 konst.
Bø	Karmøy	16			4-delt	4-delt m/3 konst.
Vormedal	Karmøy	16			4-delt	4-delt m/3 konst.
Utsira	Utsira	10		-	-	
Etne	Etne	16 <sup>3</sup>		4-delt	4-delt	-
Skånevik	Etne	12 <sup>3</sup>			4-delt	-
Ølen	Vindafjord	16			4-delt	-
Sandeid	Vindafjord	10			4-delt	-
Skjold	Vindafjord	12			4-delt	-
Sand	Suldal	16		-	-	
Suldalsosen	Suldal	12		4-delt	-	
Jelsa	Suldal	10		-	-	



	Veit ikkje/ ikkje aktuelt	I svært liten grad	I liten grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad
Alt i alt, i kva grad er du stolt over arbeidsplassen din?						
Alt i alt, kor nøgd er du med arbeidssituasjonen din?						

**Me gleder oss på vegne av mannska for arbeidsmiljøkartlegginga 2022. Våre dyktige og positive medarbeidarar trør til og yter 100 % kvar dag, heile året.**

<sup>2</sup> Det er 4-delt vakt, men det er berre to innsatsleiarar. To av fire vakter vert derfor dekkja av brannsjefsvakt.

<sup>3</sup> Etne og Skånevik går ut av selskapet fra og med 1.1.2023.

## 2.3 Kompetanseheving

### KURS OG OPPLÆRING

Eit av formåla for å etablere Haugaland brann og redning iks, var å innfri dei omfattande og krevjande kompetansekrava som vert sett til eit brann- og redningsvesen. Desse krava løyser ein best i saman då ein i større grad kan med ei større verksemd:

- gjennomføre kurs internt framfor å kjøpe kursplassar eksternt.
- inngå gode avtalar i oppfølging av krav til kurs.
- tiltrekke seg personar med allereie etablert kompetanse.
- gjennomføre kompetansehevande tiltak med kontinuitet som igjen gjev forutsigbarheit.
- gjennomføre kurs for eksterne og på denne måten redusere egne kostnader.



#### Røykdykkarkurs

Me har ± 200 røykdykkarar som skal ha 3 dagars kurs ved oppstart i HBR og deretter årlege røykdykkarøvingar. I samarbeid med Hydro er det etablert eit røykdykkaranlegg der tilsette vert kursa med interne instruktørar.  
Røykdykkarkurs 2022: 2 kurs/19 deltakarar

#### Grunnkurs

Alle våre tilsette skal ha 191 t grunnkurs ved Brann- og redningsskolen. HBR er godkjent kursarrangør og gjennomfører årleg grunnkurs.  
Grunnkurs 2022: 2 kurs/37 deltakarar



#### Kurs for tunge køyretøy

Me har ± 100 tilsette som skal ha 80 t kurs i å føre tunge køyretøy (kl. 2) gjennom køyreskule. Vidare skal sjåførar for tunge køyretøy ha sikkerheitskurs på bane.  
Kurs klasse II, 2022: 15 deltakarar  
Sikkerheitskurs bane 2022: 13 deltakarar

#### Utrykningssertifikat

Det ± 150 tilsette som har krav til eit vekeskurs i utrykningskøyting gjennom køyreskule. Vidare skal alle ha resertifisering kvart 5. år.  
160-kurs 2022: 2 kurs/14 deltakarar  
Vedlikehaldstrening 2022: 18 deltakarar



#### Førstehjelpskurs

Alle våre tilsette skal ha eit 6-timars grunnkurs som akutthjelper med årleg resertifisering.  
Grunnkurs 2022: 3 kurs/18 deltakarar  
Resertifisering 2022: 33 kurs/167 deltakarar

#### Andre kurs som er gjennomført i 2022:

Nettbasert kurs (obligatorisk) v/ Brann- og redningsskolen, Tjeldsund:	kurs/18 deltakarar
Leiarkurs trinn E (1 uke) v/Brann- og redningsskolen, lokalt:	1 kurs/14 deltakar <sup>4</sup>
Arbeid i høgda-kurs (3 dager), OBRE, Oslo brann og redning:	1 kurs / 5 deltakere

<sup>4</sup> Vi har egen instruktør i HBR og gjennomfører kurset lokalt.



## Matrise som viser status for årleg kompetansebehov i selskapet:

HBR har innan beredskap ein turnover på 15-20 tilsette per år. Dette medfører at det er eit jamnt årleg behov for kurs. Kompetansetterslep etter oppstarten av selskapet er delvis henta inn i dei 5 første driftsåra, men det er eit kontinuerleg behov for kurs som må gjennomførast for at etterslep ikkje skal byggast opp att.

Stasjon Kurs	Kopervik	Åkra	Skudenes	Bø	Vormedal	Utsira	Aksdal	Nedstrand	Tysværåvåg	Bokn	Sveio	Førde	Ølen	Sandeid	Skjold	Suldalsosen	Sand	Jelsa	TIMAR
Røykdykkarkurs	2 kurs à 10 tilsette + 4 årlege øvingar for alle røykdykkarar																	480 t + øvingar	
Akutthjelper	2 kurs à 15 tilsette + årleg repetisjon alle tilsette																	240 t + øvingar	
Utrykningssertifikat	2 kurs per år à 4 tilsette																	640 t	
Klasse 2 (C)	2 kurs per år à 4 tilsette																	640 t	
Sikkerheitskurs bane	2 kurs per år à 4 tilsette																	64 t	
Nettkurs	Alle nyttilsette																	300 t	
Grunnkurs	Årleg grunnkurs med 15-20 deltakarar																	3000 t	
Utr.l.kurs	Utrykningsleiarkurs anna kvart år med 10 deltakarar																	1500 t	
Leiing - trinn D	1-3 per år																	400 t	
Leiing - trinn E	1-3 per år																	80 t	
Anna	Atv-førar, handtering av akutt forureining, instruktørkurs m.m.																	div	

## Kostnad

Kompetansehevande tiltak er kostbart og vil vera konstant framover når me har løfta kompetansen opp til det nivået som kvar eigarkommune hadde som krav ved inngang til etablering av selskapet. Etter at me har nådd dette nivået vil behovet for kompetanse vera knytt opp mot den regelmessige rekrutteringa.

Kostnaden er likevel vesentleg redusert samanlikna med om kvar einskild kommune skulle gjennomføre tilsvarande kompetanseheving utan samarbeid.

## ØVINGAR

Deltidsmannskap har små faste stillingar frå 1,76 og opp til 6 % der timane i hovudsak vert nytta til øvingar og opplæring. Utrykningar er variable frå år til år og vert ikkje medrekna i den faste stillinga, jf. SFS 2404.

Stillingsstorleik er ei «arv» frå tidlegare arbeidsgjevar og varierer. Ved etablering vart det fastset eit minimum på 35 t/år for kurs og øvingar. Med eit så lavt tal timar, er det utfordrande å vedlikehalde og erverve ny kompetanse.

Kvart år vert det gjennomført 75.000 timar for øvingar. Dette er eit omfattande arbeid som krev førebuing, gjennomføring og etterarbeid av våre dedikerte tilsette.

Øvingar for 2022 har mellom anna vore innanfor:

- Brann/røykdykking
- Redning/trafikk
- Redning i elv/på sjø
- Førstehjelp/helseoppdrag
- Farleg gods/akutt forureining
- Leiing, strategisk og taktisk
- Tekniske øvingar



## 2.4 Utrykningar

Tal utrykningar i regionen viser at Haugaland brann og redning er «på hjul» 3 gonger i snitt kvar dag heile året. Med 20 stasjonar og 300 deltidsmannskap og 13 heiltidstilsette som er klar til innsats innan 10-20 minuttar, gjer til at brannvesenet er ein særdeles viktig kvardagsberedskap, men har også slagkraft når store og komplekse hendingar inntreff.

### UTRYKNINGAR 2022


Statistikken vert henta ut frå den nasjonale databasa BRIS.

#### Tal utrykningar:


Automatiske alarmer:	369
Brannar:	180
Trafikkulukker:	146
Helseoppdrag:	139
Andre oppdrag:	138
Berging av verdier:	56
Sum	1 028

Tal utrykningar er parallell med tal menneske som er i området. Derfor er også brann- og redningsvesen dimensjonert ut frå innbyggartal.

Risiko- og sårbarheitsanalysa skal fange opp det som avvik frå denne måten å dimensjonere på.



### UTRYKNINGAR PER STASJON



## FAKTA



### Dyreredning:

Det er redda 19 sauer, 11 kyr, 1 hest, 4 kattar, 2 hundar og 5 fuglar.

### Bygningsbrannar:

Det har vore 44 bygningsbrannar der kort utrykningstid har medført at dei fleste brannane er sløkt tidleg.



### Helseoppdrag:

139 helseoppdrag der hjartestans er den vanlegast årsaka til utrykning. Det er dokumentert fleire livreddande innsatsar.



### Automatiske brannalarmer:

14 alarmer var reelle og tidleg varsel har dermed redda større verdiar.



### Trafikkulukker:

Av 146 ulukker er det få med alvorleg utfall (2). Tidleg innsats, kompetanse og riktig redningsteknisk utstyr er avgjerande for eit godt resultat.



## 2.5 Varslingsentral/nødnett

Haugaland brann og redning iks er tilknyttta Alarmsentral brann sør-vest (ABSV) lokalisert i Sandnes frå og med 2019. Sentralen er organisert som ein avdeling i Rogaland brann og redning iks.

## 2.6 Samarbeidsavtalar

Me har følgjande samarbeidsavtalar med andre aktørar innan beredskapstenesta:

- felles sløkkeavtale med kommunane i regionen<sup>5</sup>.
- felles avtale om redningsdykking med Haugesund kommune
- sløkkeavtale med Haugesund kommune om Førresfjorden (området)
- felles avtale om handtering av større akutte forureiningar (IUA).
- beredskapsavtale med Equinor og anlegget på Kårstø.
- beredskapsavtale med Hydro om felles kommunikasjon, felles øvingsanlegg med meir.
- samarbeidsavtale med Statkraft og røykdykkarberedskap med meir
- samarbeidsavtale med private alarmselskaper

<sup>5</sup> Det føreligg ikkje avtale med Etne kommune, men me forutset at dette kjem på plass i 2023.

## 3.0 LOGISTIKKAVDELING

### 3.1 Delmål

Logistikkavdelinga skal ha ei effektiv drift - fagleg og økonomisk - for drift, vedlikehald, ettersyn og kjøp for alt av køyretøy, utstyr og materiell, brannstasjonar med meir. Det skal vera ein høg driftssikkerheit ved alle våre 20 stasjonar som sikrar at beredskaps- og førebyggjande mål vert nådd.

Avdelinga skal i samarbeid med avdelingane beredskap og førebyggjande legge til rette for god HMS i det daglege arbeidet, dette kan vera tema som tilrettelegging av brannstasjon, val eller tilpassing av køyretøy og val av riktig verneutstyr.

### 3.2 Tilsette

Det er forutan leiar, 1,5 stillingsheimlar p.t på avdelinga. Avdelinga er organisert slik at tilsette i beredskap arbeidar med logistikk, men er i linja under beredskapsavdeling. Årsak til dette er at det er tette og overlappende oppgåver i avdelingane og det er ikkje ønskjelege å dele stillingar mellom ulike leiarar. Tilsette som arbeidar med logistikk er:

- A. Teknikarar (150 %). Har det overordna ansvaret for kontroll, ettersyn og vedlikehald av køyretøy, utstyr og materiell.
- B. Brannmeistrar (200 %). Ein brannmeister utfører ettersyn, service, vedlikehald innanfor avtalte områder og koordinert av leiar logistikk.

Stasjonsmesterar (ein deltidsstilling per stasjon) er eit kontaktledd mellom logistikk og øvrige mannskap på stasjon. Tilsvarande er formann for brannførebyggerane (tilsyn og feiing) kontaktledd i avdelinga for innkjøp, kontroll, ettersyn og vedlikehald av køyretøy og utstyr.

### 3.3 Køyretøy, utstyr og materiell

Avdelinga har ansvar for alt av køyretøy, utstyr og materiell på 20 stasjonar. Vidare er avdelinga ansvarleg for å vera kontaktledd overfor kommunane for leigeavtala som regulerer brannstasjonar.

Med å samkøyre all logistikk mellom stasjonane og områda, er det mogleg å få effektive system for kontroll, vedlikehald og ettersyn. Vidare unngår me at det vert etablert parallelle system og det er ein større gevinst i å inngå serviceavtalar, gjennomføre kjøp og følge opp.



Bilete viser mannskaps- og tankbil i Suldal (Sand stasjon) med lokalt helikopter og brannbøtte.

Per i dag er det følgjande køyretøy på stasjonane:

BEREDSKAPSAVDELING							
Stasjon	Køyretøy					ATV/ UTV	Utstyr
	Brannbil	Tankbil	Stigebil	Fremskutt enhet	Andre køyretø y		Annet
Førde	1	-	-	1	-		ATV
Sveio	1	1	-	2	-		-
Aksdal	1	1	-	1 <sup>6</sup>	1		ATV, båt, flomutstyr, IUA-pakke
Tysværåvåg	1	-	-	1	-		
Nedstrand	1	-	-	1	-		-
Bokn	1	-	-	1	-		-
Skudenes	2	1	-	1	-		UTV
Åkra	2	-	-	1	-		-
Kopervik <sup>7</sup>	1	1	1	1	7 <sup>8</sup>		Dusjvogn, båt, UTV
Bø	2	-	-	1	-		-
Vormedal	2	-	-	1	-		-
Utsira	-	-	-	1 (stor)	1		-
Etne	1	1	-	1	-		ATV
Skånevik	1	-	-	1	-		-
Ølen <sup>5</sup>	1	1	-	1	4 <sup>9</sup>		ATV
Sandeid	1	-	-	1	-		-
Skjold	1	-	-	1	1		-
Sand	1	1	-	1	1		Helikopterbøtte
Suldalsosen	1	-	-	1	1		-
Jelsa	1	-	-	1	1		-

FØREBYGGANDE AVDELING			
Stasjon	Køyretøy		
	Feie/tilsynsbil	Tilsynsbil	Merknad
Kopervik	10	1 (8 seter)	Feie/tilsynsbiler er bygd med skille mellom rein/urein sone for å redusere eksponering frå forureina tøy og utstyr.
Ølen	2	-	
Diktervegen	-	3	

Investeringar er i gong, men som følge av leveringstid (1-2 år) vil investeringane verte synleggjort seinare enn når bevillingane vert gjeve.

For 2022 er følgjande innkjøp og utskiftingar gjennomført:

Køyretøy/utstyr	Stasjon	Status
Mannskapsbil	Bokn	Bestilt 2021 (levert mars 2023)
	Skjold	Bestilt 2021 (levert februar 2023)
Tankbil	Sveio	Levert
Redningsdressar 200 stk.	Ressursstasjonar, alle stasjonar	Levert
Refleksjakker synlegheitsklasse 3	Alle stasjonar	Levert
Øvingsdukker	Alle stasjonar	Levert
Forbruksutstyr (hjelmar, verneklede, lenser, slangar m.m.)	Alle stasjonar	Levert
Møteromsvogn	Tysværåvåg	Levert
Hurtigfrigjeringssett NLA	11 stasjoner	Levert
Oppgradering førstehjelpsutstyr	Alle stasjoner	Levert
Ny type vernetøy feiing	Avdeling bolig	Levert

<sup>6</sup> 1 felles vaktbil for område Midt

<sup>7</sup> Ressursstasjon

<sup>8</sup> 2 felles vaktbilar for område Vest/Midt + 1 felles ressursbil

<sup>9</sup> Ein felles vaktbil for område Øst + felles ressursbil

### 3.4 Brannstasjonar

Det er i 2022 brukt mykje tid på følgje opp Arbeidstilsynets pålegg om å gjera tiltak for å redusere helserisiko forårsaka av kjemikaliar og forureiningar i arbeidsmiljøet på brannstasjonane. Dette arbeidet har involvert leiinga, tilsette i avdelingane, vernetenesta og tillitsvalte. HBR er etter selskapsavtala leigetakar overfor kommunane for alle brannstasjonane. Det er derfor kommunane som etter selskapsavtala skal sørge for at brannstasjonane innfrir krav etter gjeldande lov og forskrift.

#### Arbeidstilsynets krav om midlertidige løysingar for å redusere kjemisk helsefare:

HBR har på bestilling frå kommunane laga ein rapport for kvar einskild stasjon med forslag til løysing for å lukka krav om midlertidige pålegg frå Arbeidstilsynet. Dei fleste kommunane har i 2022 etablert løysingar som lukkar avviket.

Status per 31.12.2022:

Stasjon	Midlertidig løysing	Status
Bokn	Dusjvogn dame/herre	Ok - løysing er etablert
Åkra	Dusjvogn dame/herre	Ok - løysing er etablert
Kopervik	Ombygging garderober/dusj	Ok - løysing er etablert
Bø	Dusjvogn dame/herre	Ok - løysing er etablert
Vormedal	Dusjvogn dame/herre	Ok - løysing er etablert
Aksdal	Ombygging garderober/dusj	Arbeid med løysing er i gang
Tysværvåg	Dusjvogn dame/herre	Arbeid med løysing er i gang
Sveio	Midlertidig stasjon vert etablert	Ok - løysing er etablert
Førde	Dusjvogn dame/herre	Ok - løysing er etablert
Skjold	Dusjvogn dame/herre	Ok - løysing er etablert
Sandeid	Tiltak ikkje nødvendig	Ok - løysing er etablert
Sand	Etablering dusjfasilitetar	Ok - løysing er etablert
Suldalsosen	Avtale om bruk av garderobe/dusj i nabobygg	Ok - løysing er etablert
Utsira	Ingen tiltak planlagt	Ingen løysing etablert

#### Arbeidstilsynets krav om permanente løysingar for å redusere kjemisk helsefare:

Det er i 2022 starta eit arbeid med permanente løysingar for følgjande stasjonar:

**Sveio:** Forprosjekt ny brannstasjon er fullført og planlagt ut på anbod i februar 2023. Det er forventa at brannstasjonen står ferdig i 2024.

**Hovudbrannstasjon:** Forprosjekt ny hovedbrannstasjon for Haugaland brann og redning iks er fullført og klar for anbod. Det er planlagt å legge ut anbod mars-23.

HBR fekk i juni-22 utsett svarfrist på korleis eigarkommunane har forankra tiltak i kommunale budsjett. Utsetjinga vart gjort på bakgrunn av kommunen sin budsjetthandsaming hausten 2022. I svar til Arbeidstilsynet skal det føreligge konkrete planar for korleis avvik skulle lukkast innan utgang av 2024.

Status per 31.12.2022 for vedtak i kommunar der det er avvik:

Stasjon	Vedtak budsjett 2023	Planlagt prosess
Bokn	Vedtak føreligg.	Kommunen arbeidar med tomtealternativ. Målet er å vera klar med ny stasjon innan 2025.
Vea	Vedtak føreligg der ny stasjon vil lukka avvik på Åkra/Kopervik.	Oppstart forprosjekt Q2 2023
Hovedbrannstasjon	Vedtak føreligg, ny stasjon vil lukka avvik på Bø/Vormedal.	Planlagt anbod i Q1 2023
Aksdal	Ingen vedtak føreligg.	Kartlegging av behov iQ1 2023
Tysværvåg	Stasjonen skal avviklast, vedtak om oppgradering er ikkje nødvendig.	
Sveio	Vedtak føreligg.	Planlagt anbod Q1 2023
Førde	Vedtak føreligg.	Oppstartsmøte Q2 2023
Skjold	Vedtak føreligg.	Oppstartsmøte Q1 2023
Sandeid	Leigeavtale.	Oppstartsmøte Q1 2023
Utsira	Vedtak føreligg.	Ingen planar før 2025
Sand	Vedtak føreligg.	Suldal kommune
Suldalsosen	Vedtak føreligg.	Suldal kommune

### 3.5 Kontroll, vedlikehold og ettersyn

Satsinga på etablering av system for kontroll, vedlikehold og ettersyn viser resultat. Me har god kontroll og oversikt over køyretøy og utstyr, og me føler oss trygge på at utstyr fungerer og har kort nede/reparasjonstid. Bliksund gir god oversikt og varslar når køyretøy og utstyr skal ha service, sertifisering m.m. Anleggsregisteret i Bliksund er på plass og vil vera eit godt hjelpemiddel med tanke på planlegging av investeringar av utstyr.

### 3.6 Ressursstasjonar

Etableringa av ressursstasjonar i HBR har vore eit effektivt hms-tiltak med stor økonomisk gevinst. Stasjonane Ølen og Kopervik har ei viktig rolle i å vera eit organisatorisk ledd som sikrar at verneutstyr og forsyningar kjem ut til mannskapa når dei er i innsats.

Før mannskap reiser frå skadestaden er det skifta verneutstyr, luft, meisar og det vert levert ut nye forseglede røykdykkarmasker. På denne måten er mannskap klar for ny innsats straks dei er tilbake på stasjonen, dei er minimalt utsett for ettereksponering av farlege stoff samt at dei ikkje skal bruke timeressursar på å reingjere utstyr kvar og ein. Dette reduserer den totale belastninga.

Ressursstasjonar er ein viktig nøkkel og noko som gjev stor gevinst i det å samarbeide innan brannområdet. Ny hovudbrannstasjon på Raglamyr er i så måte ei viktig brikke i planlegginga og valet av løysing på dei andre stasjonane som er bygd eller som er under etablering. Den økonomiske gevinsten i etableringa av ressursstasjonar er stor, men vanskeleg å talfesta nøyaktig, men nokre momenta som kan tas med som synergjar er:

- Redusert eksponering av røyk, kjemikaliar og partiklar for alle våre tilsette.
- Alle øvrige stasjonar vert ført opp utan vaskeriløysing for tøy og utstyr, noko som gjev redusert investering og leige samt redusert straum og vassforbruk.
- Det er stor reduksjon i tal tilsette som må ha denne spesialkompetanse som ligg til ein ressursstasjon. Dette medfører redusert kostnad i kompetansehevande tiltak.
- Vi trenger ikkje ha dobbelt opp av alt utstyr og verneklede på alle stasjonar, noko som gjev mindre investering i utstyr og materiell.

Ved kjøp og investeringar er økonomi det viktigaste der gode løysingar gjev gode resultat på helse, miljø og sikkerheit. Me har plikt i å ha eit forsvarleg arbeidsmiljø for våre tilsette.

Ressursstasjonane har i 2022 tatt bruk Bliksund som lagerstyringssystem. Dette gir ansvarlege brannmeistrar ein god oversikt over kva som er på lager på begge stasjonane og kan i så måte supplere kvarandre med for eksempel vernetøy, røykdykkarutstyr m.m. Systemet er også eit godt hjelpemiddel for å planlegge nødvendige investeringar.



## 4. FØREBYGGJANDE AVDELING

### 4.1 Innleiing

Hovudoppgåvene for avdelinga er gjennomføring av tilsyn og andre tiltak ved særskilte brannobjekt, feiing og tilsyn med fyringsanlegg og gjennomføring av informasjons og motivasjonstiltak.

I førebyggjandeanalyse er det definert sju arbeidsområde for det brannførebyggjande arbeidet:

1. Særskilte brannobjekt
2. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
3. Informasjon og motivasjon
4. Risikoutsette grupper
5. Arrangement og overnatting
6. Farleg stoff
7. Landbruk

Til kvart av arbeidsområda er det etablert handlingsplanar som beskriver mål og tiltak innanfor dei respektive områda. Handlingsplanane vil samla sett utgjere årsplan for avdelinga.

### 4.2 Delmål

Avdelinga skal arbeide med å førebygge brannar og andre ulykker gjennom å vera dimensjonert og organisert ut frå ei førebyggjandeanalyse. På denne måten vil oppgåver i avdelinga vera planlagt og spissa inn mot dei mål som er sett for selskapet generelt og avdelinga spesielt.

Forutan oppgåver som ligg til fagområdet førebygging, skal avdelinga jobbe for å få ein overgang til beredskap gjennom beredskapsførebyggjande arbeid.



### 4.3 Tilsette

Tal førebyggjande tilsette i Haugaland brann og redning iks er per 31.12.2022:

Avdelings-/områdeleieiing:	200 %
Brannførebyggjarar (feiing og tilsyn):	1 300 %
Branningeniørar (tilsyn):	750 %

Avdelinga har for 2022 utlån av stillingar til øvrige avdelingar:

Brannførebygging ⇒ Logistikk (p.g.a. sjukefråvær):	100 %
Branningeniør ⇒ Administrasjon (prosjekt):	100 %
Branningeniør ⇒ HMS (midlertidig stilling)	100 % fram til og med august 2022.
Områdeleiar ⇒ Administrasjon (økonomi):	20 %

Det har også vore eit vikariat inn til førebyggjande avdeling fram til 31.12.2022 for å dekke opp prosjektstillingar som var finansiert gjennom bruk av fond.

### 4.4 Særskilte brannobjekt

I 2022 er det registrert 554 særskilte brannobjekt som Haugaland brann og redning iks skal føre tilsyn med. Lista over særskilte brannobjekt vil vere i jamleg endring, og talet objekt variere gjennom året.

Mål for arbeidsområde er å gjennomføre brannførebyggjande tilsyn eller andre førebyggjande tiltak med dei respektive objekta. Talet på tilsyn og tiltak for 2022 kjem fram av tabellen under.

I tillegg var det sett opp følgjande mål for arbeidsområdet:

- Risikovurdere alle brannobjekt - Ikkje fullført



- Etablere rutine for vurdering av nye særskilte brannobjekt - Gjennomført
- Undersøke alternative fagsystem - Gjennomført

	Registrerte § 13-objekt			Tilsyn og andre tiltak 2021			Tilsyn og andre tiltak 2022		
	A	B	C	A	B	C	A	B	C
<b>Sveio</b>	35	13	2	2	0	0	6	0	0
<b>Tysvær</b>	66	11	3	3	0	0	21	1	1
<b>Bokn</b>	7	4	1	1	1	0	6	0	0
<b>Utsira</b>	12	0	0	1	0	0	12	0	0
<b>Karmøy</b>	201	56	3	89	7	0	88	8	1
<b>Suldal</b>	34	1	0	24	0	1	8	0	0
<b>Etne</b>	31	5	1	17	1	0	11	0	0
<b>Vindafjord</b>	55	11	2	7	0	0	24	6	0
<b>Sum</b>	441	101	12	144	9	1	176	15	2

- A. bygninger og områder hvor brann kan medføre tap av mange liv
- B. bygninger, anlegg, opplag, tunneler og lignende som antas å medføre særlig brannfare eller fare for stor brann, eller hvor brann kan medføre store samfunnsmessige konsekvenser
- C. viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg.

## 4.5 Informasjonstiltak og motivasjon

Informasjon og motivasjon skil seg noko ut frå dei andre arbeidsområda, ved at det er eit tiltak som kan fungere for dei fleste risikoområda eller tema. Samtidig kan det vere vanskeleg å måle effekten og rekkevidda av informasjon.

I 2022 er det delt informasjon om ulike tema, gjennom lokale media, sosiale media og på heimesida. For å nemne nokre av tema og kampanjar:

- Røykvarslardagen; Fokus på røykvarslar og bytte av batteri
- Bål/grillvett; fokus på sikker bålbrekking og faren for naturbrann.
- Campingplassar/marina; gjennomført «sommarpatrulje» med fokus på tryggleik i camping, båt og hytte.
- Bruk av fyrverkeri; fokus på sikker bruk av fyrverkeri
- Brannvernuka; Nasjonal infokampanje med fokus på ladevett i 2022. Lokalt gjennomført med informasjon og konkurransar, utdeling av «flyers», «Åpen dag» på brannstasjonar i Kopervik, Akdsdal, Sveio, Etne og Sand, den 24. september, med anslagsvis 3 000 besøkande samla sett.



## Bjørnis

Brannbamsen Bjørnis er blitt ein nasjonal helt som vert nytta både som trøystebamse og som eit verktøy for å nå barn og unge med informasjon. Barn og unge som er involvert i brann eller ulykker får sin egen Bjørnis som kan vere til trøyst i ein tøff situasjon.

Bjørnis deltar på ei rekke arrangement gjennom året. Nokre av arrangementa som Bjørnis deltok på i 2022:

- «Den store vennefesten», Storhall Karmøy
- Bygg og anleggsmesse, Akdsdal
- «Stafett for livet»
- Skudenesdagene, Skudeneshavn
- «Glade maidager», Åkrehamn
- «Løp» for Julian, Vea

### «Etter brannen»

«Etter brannen» er eit konsept som baserer seg på ein arbeidsmetode frå Liverpool kjent som Merseyside-modellen. Tanken bak konseptet er at publikum er meir mottakelig for informasjon kort tid etter ei hending. Ved hendingar der det har vore opne flammar eller røykutvikling av betydning blir det gjennomført ein dør til dør aksjon i nabolaget. Målet er å tilby råd og veiledning om brannsikkerhet.

Aksjonane er eit av prosjekta kor forebyggjande og beredskap jobbar tett saman og dermed styrker samarbeidet innad i organisasjonen.

I HBR vart det gjennomført 5 aksjonar i 2022.



### Opplæring.

Det er gjennomført brannførebyggjande opplæring for ± 865 personar, om faren for brann og korleis ein skal opptre dersom det oppstår ein brann. Opplæring er gjennomført for tilsette i helsetenesta, elevlar i skulen og ulike lag og foreiningar.

## 4.6 Risikoutsette grupper

Risikoutsette grupper er dei gruppene av personar som størst risiko for å miste livet og helse som følgje av brann. I strategi og handlingsplanen er det sett mål om at dette er ein naturleg del av det førebyggjande arbeidet.

### Trygg heime


Dette er eit konsept for å tygge risikoutsette grupper. Ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet er kommunane, spesielt helse og omsorgstenestene. Det er eit mål å etablere samarbeidsavtalar med alle eigarkommunane på dette området. I 2022 er det signert avtale med Sveio, Vindafjord og Tysvær kommune.

Parallelt med forankring av avtaler, er det jobba med tiltak retta mot risikogruppene. Mellom anna er det gjennomført undervisning og sløkkeøving for tilsette i helsetenesta, opplæring og montering av nye tryggingssalarmer inklusive røykvarslarar og handtert bekymringsmeldingar.



### Bekymringsmeldingar

Brannvesenet plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak på bakgrunn av bekymringsmeldingar. I 2022 mottok brannvesenet 17 bekymringsmeldingar eller branntips på bakgrunn av bekymring for eigen eller andre sin brannsikkerhet. Bekymringsmeldingane skal meldast inn via den nasjonale portalen [www.branntips.no](http://www.branntips.no).



## 4.7 Øvrige førebyggjande oppgåver

### Farleg stoff

Det vart gjennomført 3 tilsyn saman med Statsforvaltaren retta mot verksemder som lagrar og nyttar Ammoniakk i sin produksjon. Aksjonen var koordinert av Statsforvaltaren.

I 2022 handsama førebyggjande avdeling 37 søknadar om handel og oppbevaring av fyrverkeri. I tillegg til saksbehandling vart det gjennomført tilsyn med 7 av handelslokaler.

I tillegg vart det behandla 9 søknadar om salutting 17. mai samt bruk av profesjonelt fyrverkeri i samband med ulike markeringar.

### Landbruk

Rogaland er eit landbruksfylke, med mange både små og store driftsbygg, og vårt område har opplevd fleire brannar i landbruksbygg. Området er definert som eit eige arbeidsområde i det førebyggjande arbeidet.

I 2022 vart det gjennomført tilsynsaksjonar i samarbeid med Mattilsynet, Det lokale el-tilsyn og Arbeidstilsynet ved 8 gardsbruk i området vårt.

### Arrangement / Overnatting

Det er motteke 35 meldingar om større arrangement og 43 meldingar om overnatting i lokale som normalt ikkje blir nytta til dette formålet. Mottekne meldingar vert vurdert og følgt opp med synfaring eller andre eigna tiltak, for å sikre at arrangementet vert gjennomført på ein trygg og sikker måte.

### Plan- og byggesaker

I 2022 er det motteke 51 plan- og byggesaker totalt. Av desse er 44 høyringar kor brannvesenet har sendt 17 uttaler. Fokuset frå brannvesenet har i stor grad knytt til tilrettelegging for sløkkeinnsats i form av tilkomst, oppstillingsplassar og sløkkevatn.

### Brannetterforsking

Haugaland brann og redning signert på seinsommaren 2022 avtale med Politiet om å bistå i brannetterforsking. Det vart gjennomført 2 tekniske undersøkingar i 2022. Målet med brannetterforsking er å;

- finne brannårsaker
- undersøke om det kan vere straffbare handlingar
- auke kunnskap om brannårsaker og brannspreiing
- auke kunnskap om effekten av førebyggjande tiltak



## 4.8 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Førebyggjande avdeling, seksjon bustad, har som hovudoppgåve å feie og føre tilsyn med fyringsanlegg.

Feiing og tilsyn skal gjennomførast ut frå kartlagt behov og risiko.

2022 er første fulle driftsår med digital varsling av tenester. Dette har gjort at kundar får moglegheit å gi tilbakemelding om varsla dato passar. Digital varsling har gitt ei stor auke i talet bustadar som har fått tilbudd tenesta, men talet på utført feiing og tilsyn er om lag som før den digitale varslinga.

- 12 728 kundar har fått tilbod om tilsyn med fyringsanlegg som er 44 % meir enn for 2021.
- 10 753 kundar har fått tilbod om feiingar av fyringsanlegg som er 25 % meir enn for 2021.

Kommune	Underlag				Utførte tilsyn 2021	Utførte feingar 2021	Utførte tilsyn 2022	Utførte feingar 2022
	Bustadar (ssb)	Fritidsbustader (ssb)	Skorsteinar	Eldstadar				
Sveio	2811	1224	2361	2859	362	267	1351	1516
Etne	2132	801	1838	2041	8	1345	1149	373
Vindafjord	4346	1144	3681	3947	1189	1699	1239	1264
Suldal	2148	1891	1699	1699	82	793	555	457
Tysvær	4880	1369	3868	5322	1798	716	1308	1616
Bokn	431	199	533	533	143	142	328	243
Karmøy	18913	809	14784	17910	2651	2890	6798	5284
Utsira	121	69	119	120	3	74	0	0
Alle <sup>10</sup>					885	92	-	-
Sum	35 782	7 506	30 520	32 587	7121	8018	12 728	10 753

Intervall for feiing har i forhold til tilsyn vore gjennomført etter behov. Dette medfører intervall med variasjon på 1-10 år. Før alle fyringsanlegga er vurdert vil det vere vanskeleg å med sikkerheit fastslå evt. etterslep på utføring.

Dei feil og manglar som i størst grad går igjen på fyringsanlegg er:

- Manglar på tilrettelegging for feiing frå tak.
- Skorstein kledd inn med brennbare materialar.
- Manglar i avstand til brennbare overflater.



<sup>10</sup> Det vart innført ei ny programvare for feiing og tilsyn i 2021 som gjer til at fleire oppdrag ikkje kan spesifiserast til spesifikk kommune.

## 5.0 ADMINISTRASJON

### 5.1 Administrasjon

Administrasjonen har tradisjonell oppbygging med leiar/brannsjef, avdelingsleiing for beredskap og førebyggjande avdeling samt leiar for logistikk, personale og økonomi. Vidare vert det kjøpt tenester frå Suldal kommune innanfor oppfølging av system.

Administrasjonen er samlokalisert i Haugesund i Diktervegen 8. Det føreligg vedtak om ny hovudbrannstasjon på Raglamyr der oppstart vil å skje i 2023.

Underlagt administrasjon er også stillingane:

- Hms-koordinator (vakant)
- Økonomimedarbeidar (vakant)
- Informasjonskoordinator (reduisert)
- Prosjektleiar (reduisert)

### 5.2 Oppgåver

Det er i hovudsak desse områda som har krevd administrative ressursar i 2022:

- Eablering av selskapet.
- Uro i organisasjonen
- Uttreden av eigarkommunane Etne og Suldal
- Drift av selskapet.

#### A. Eablering av selskapet.

I det daglege er det lett for å gløyme mandat og mål for selskapet. Det er derfor nødvendig å repetere dette regelmessig og evaluere gjennomførte tiltak, sjå på status og halde på til ein kvar tid gjeldande strategi.

Styringsdokumentet for etablering av Haugaland brann- og redning iks er selskapsavtalen og er førande for styret og administrasjon.

Selskapsavtalen bygger på:

- rapport om felles brannvesen av september 2015
- vedtak i eigarkommunane sine kommunestyre 2017.
- brann- og eksplosjonsvernloven av 2002.

Status for etablering av selskapet er per 31.12.2022, jf. dei 15 tilrådingane i rapport av 2015 som selskapsavtala bygger på:



Kommentarar til oppgåver som ikkje er løyst per 31.12.2022:

- Oppgåve 14: Det er ein kompetansekoordinator i selskapet der øvrig arbeid med kompetanse skjer i kvar enkelt avdeling. Det vil gjennomførast eit forprosjekt i 2023 for å sjå på moglegheit for å etablere ein kompetanseavdeling.
- Oppgåve 4: Oppgåva er markert som ikkje innfridd med grunngjeving i vedteke beredskapsanalyse der Tysværvåg stasjon er vedlagt å avviklast. Samtidig skal stasjonsstrukturen for selskapet vera i tråd med til ein kvar tid gjeldande lov og forskrift og risiko- og sårbarheit og vurderingar skal vurderast/reviderast kvart 4. år.
- Oppgåve 5: Kommunane var ueinige om plassering av hovudbrannstasjon, noko som resulterte i uttreden av Haugesund kommune. Dette, saman med utfordringar rundt interkommunalt samarbeid om felles legevakt, har forseinka prosessen med å etablere ein hovudbrannstasjon.
- Oppgåve 3/6: Oppgradering av stasjonar etter pålegg frå Arbeidstilsynet er i prosess der fleire stasjonar er oppgradert, er under oppgradering eller er planlagt oppgradert i 2023/23.



## B. Uro i organisasjonen

Selskapet har vore prega av uro før oppstart i 2018, i etableringa og fram til starten av 2022. Dei ulike sakene er omtala i tidlegare årsmeldingar. Frå våren 2022 har det etablert seg ein meir stabil og positiv drift.

Våren 2022 har det vore fokus på å avslutte arbeidet med oppfølging av dei ulike sakene, samt følge opp tilsyn frå Arbeidstilsynet.

- 
- Jan-22: Arbeidsmiljøspesialistane legg fram rapport som konkluderer med to brot på arbeidsmiljøloven:
1. Det er i 2020 skrevet om kollegaer i ei Messengergruppe på ein måte der integritet og verdigheit ikkje er ivareteke (baksnakking).
  2. Spreiing av innhald i Messengermeldingane skjedde på ein måte som forsterka belastninga for dei involverte.
- Dagleg leiar har på vegne av selskapet offentleg beklaga at desse to brota skjedde. Vidare er det iverksett førebyggjande og reparerande tiltak.
- Feb-22: Det vert lagt fram eit varsel som var særst alvorleg. Ut frå den situasjon selskapet var i, vart det iverksett ein undersøking umiddelbart med ekstern part (Kluge). Kluge legg fram sin rapport i mars-22 med konklusjon om at det ikkje er avdekkja kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljøloven, derimot vert det peika på uforsvarleg varsling etter § 2 A-2.

Apr-22: Arbeidstilsynet vel å gjennomføre eit tilsyn med Haugaland brann og redning basert på presse- og mediedekning samt at dei har fått varsel frå tilsette.

Det vert ikkje gjeve avvik eller merknadar på HBR sin handtering av varslings sakene. Det vert likevel gjeve to pålegg på internkontrollforskrifta § 5 vedr. risikovurderingar og tilsette sin medverknad i hms-saker. Begge desse pålegga er lukka.

Jun-22: I samband med oppfølging av varslings saker, og i samarbeid med bedriftshelsetenesta, kom det nytt varsel retta mot bedriftshelsetenesta. Dette medførte at arbeidet med oppfølging vart kompleks og forseinka. Undersøkinga konkluderte med at varselet ikkje var å sjå som kritikkverdig og dermed heller ikkje eit brot på arbeidsmiljølova.



Det er krevjande for alle partar når konflikhtar oppstår. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å arbeide for løysingar, noko som vert vanskelegare når det er leiinga og styret det vert peika på. For å ha framdrift, samstundes som det skal vera tillit til dei undersøkingane som vert gjort, er det valt å engasjere eksterne aktørar der leiinga/styret vert peika på.

Det å varsle er ikkje eit prov på at det er kritikkverdige forhold i ei verksemd. Det er resultatet av ei undersøking av varselet som avdekkjer om det førekjem kritikkverdige forhold eller ikkje.

Arbeidstilsynet mente det var gått «inflasjon i varslings saker» i vår verksemd. Dette har me arbeidd med gjennom to spor:

1. informasjon til dei tilsette om korleis ein skal bruke arbeidsmiljølova på riktig måte vedr. varsling. Det er ei plikt å varsle om kritikkverdige forhold, men varsling skal vere forsvarleg.
2. jobbe med det som ligg bak alle varsel. Dette er eit teikn på at det er ein frustrasjon som kjem til uttrykk gjennom ulike verkemidlar, deriblant varsling. Utfordringane er mellom anna i interessekonflikhtar, ueinigheit om retning, måten endringar skjer på, struktur og oppgåvefordeling med meir.

Sjølv om det er krevjande å ha forvaltningsrevisjonar, interne og eksterne undersøkingar og tilsyn frå offentlege myndigheiter, er dette også med på å løfte selskapet fram i riktig retning i vår ferd med å utvikle Haugaland brann og redning iks.

### C. Uttreden av Etne og Suldal

Uttreden av Etne og Suldal kommune er eit resultat av dei utfordringane som har vore i det som er skildra i punkt B. Ein uttreden krev ein prosess for å avklare rettar og plikter til partane der dette i hovudsak handlar om økonomi.

HBR etablerte eit forhandlingsutval med følgjande medlemmer:

1. Sigmund Lier, representantskapsleiar
2. Jarle Nilsen, representantskapsmedlem
3. Yngve Bergesen, kommunaldirektør Vindafjord
4. Dag Botnen, dagleg leiar

Saman med uttredande partar, og etter 10 forhandlingsmøte, vart einige om ein prinsippavtale som vart signert i desember 2022.



## D. Drift av selskapet

Haugaland brann og redning iks har, som dei fleste verksemder, utfordringar der det dagleg må gjerast prioriteringar som følgje av manglande ressursar. Selskapet har som ein konsekvens for redusert dimensjoneringsgrunnlag i 2023 samt reduksjon i økonomisk ramme, iverksett tiltak for å møte desse utfordringane. For 2022 er dei viktigaste tiltaka:

- Ha stillingar vakante.
- Avvente investeringar.
- Planlegging av reduksjon av tiltak for 2023.
- Starte prosessar for å innfri rammer for 2023.

Sjølv om det er utfordringar, må ein glede seg over arbeidsmiljøundersøkinga gjennomført i desember 2022 viser eit godt arbeidsmiljø i snitt. Tabellen viser fordelinga av svar frå dei 167 av selskapets tilsette som valgte å svara. Totalt vart undersøkinga sendt ut til alle 300 tilsette.

Vurdering	Veit ikkje/ ikkje aktuelt	I svært liten grad	I liten grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad
I kva grad:						
har du tilstrekkeleg informasjon for å gjera ein god jobb?						
er du nøgd med Bliksund som intern kommunikasjonskanal?						
legg arbeidsgjevar til rette for nødvendig kompetanseutvikling?						
har du utstyr til å få gjort din jobb? (data, verktøy m.m.)						
Har du tilstrekkeleg tilgang på verneutstyr for risikofylt arbeid?						
opplever du at det er trygt på din arbeidsplass?						
har kollegaer fokus eksponering av helsefarlege stoff?						
har dine kollegaer fokus på hms under utføring av arbeid?						
er du nøgd med moglegheita for medverknad i hms-arbeidet?						
er du nøgd med dei fysiske arbeidsforholda i din jobb?						
trivst du saman med dine kollegaer?						
løysar de arbeidsoppgåver arbeidsplassen på ein god måte?						
er arbeidsmiljøet på din arbeidsplass integrerande (mangfald)?						
er det lagt til rette for å melde om kritikkverdige forhold?						
opplever du næraste leiar gjev klart uttrykk for forventningar?						
opplever du næraste leiar gjev tilstrekkeleg tilbakemeldingar?						
opplever du din næraste leiar er lydhør overfor synspunkt?						
følgjer du selskapet sine etiske retningslinjer?						
opplever du din næraste leiar følgjer våre etiske retningslinjer?						
kor nøgd er du med din næraste leiar?						
bidreg du i å skape et positivt bilete av HBR til innbyggaren?						
bidreg leiarane i å skape eit godt bilete av HBR til innbyggaren?						
synes du leiarane i HBR tar spørsmål om etikk på alvor?						
Har du tilstrekkeleg opplæring og kjennskap til hms-rutinar?						
trur du din arbeidsplass har eit godt omdømme?						
trur du innbyggerane er nøgde med tenestene frå din avdeling?						
er du stolt over arbeidsplassen din?						
kor nøgd er du med arbeidssituasjonen din?						
	Ingen mobbing	Oppløver å bli mobba	Oppløver mobbing av andre	Oppløver ned- latande opptreden	Svært liten grad av mobbing	Veit ikkje/ aktuelt
Har du opplevd mobbing på arbeidsplassen det siste året?						



## 5.3 Likestilling og mangfald

### Kjønnsfordeling

Det er utarbeidd ein strategiplan for rekruttering og da med spesielt fokus på beredskapsområdet. Eit viktig prinsipp er at det er kompetanse og eigenskap for den spesifikke stillinga som skal vera i fokus. Kjønn, religion, hudfarge med meir skal ikkje påverke kvar einiskild sin moglegheit for jobb i HBR.

For HBR er fordelinga på kjønn per 31.12.2022:

Stillingsområde	# kvinner	Endring	% kvinner	# menn	Endring	% menn
Leiing	2	-	33 %	4	-	67 %
Branningeniør og tilsvarande	3	-	33 %	6	-	67 %
Andre dagstillingar	0	-	0 %	2	-	100 %
Beredskapsstillingar 1/1	0	-	0 %	9	-	100 %
Feiing og tilsyn	3	-	23 %	11	-	77 %
Brannkonstablar deltid	16	-	6 %	273	-	95 %
<b>Sum</b>	<b>25</b>		<b>8 %</b>	<b>304</b>		<b>92 %</b>

### Nasjonalitet

Det er i beredskapsavdelinga sju personar med bakgrunn frå andre stadar enn Norden;

Polen:	1	Bulgaria:	1
Argentina:	1	Ungarn:	1
Romania:	1	Spania:	1
Nederland:	1		

## 5.4 Helse, miljø og sikkerheit

### Verneområde og verneombod

I 2022 har selskapet hatt seks verneombod med tilhøyrande verneområde. Fem av områda dekker stasjoner med deltidsmannskap og eitt område for heiltidstilsette. I tillegg er det valt eit hovudverneombod.

Hovudverneombud:	Torbjørn Larsen
Verneombud - fast tilsette:	Finn T Yven
Verneombud - Karmøy/Utsira:	Michel Møller
Verneombud - Sveio og Førde:	Torbjørn Larsen
Verneombud - Sand; Jelsa og Suldalsosen:	Håranes Alf Rune
Verneombud - Etne, Skånevik, Ølen, Skjold og Sandeid:	Bernt Arne Skjold

Det er gjennomført fleire verneombodssamlingar i 2022.

### HMS-koordinator

Stillinga er per 31.12.2022 vakant etter at den som hadde stillinga gjekk attende til førebyggjande avdeling.

### Arbeidsmiljøutval (AMU)

Det er i 2022 gjennomført 4 møter og det føreligg ein eigen årsrapport.

### Bedriftshelseteneste

Det er inngått bedriftshelseteneste med Medco. Handlingsplan for 2022 er gjennomført og rapport levert frå leverandør.

### HMS og kvalitetssikringssystem

Det er inngått avtale med Bliksund as om eit hms- og kvalitetssikringssystem som omhandlar kompetanse, avvik, oppslag og informasjon samt rutinar, kontroll, vedlikehald og ettersyn med meir.

Systemet ble utvidet til Bliksunds Fagsystem brann som er spesielt tilpassa brannvesen. Fagsystemet inneheld dei same modulane som det opprinnelege, men nokre modular/tiltaksbøker er lagt til.

Det er utarbeidd diverse nye overordna retningsliner og prosedyrer, og revidering av eksisterande pågår fortløpande. Det er overordna prosedyrer og rutinar som dekker dei krav i internkontrollforskriftens § 5, 2. ledd.

### Hendingsrapporteringsystem

Me har eit system som handterer både avvik, forbetnings- og driftsmeldingar. Systemet opererer med tre hovudgrupper/knaggar:

- Avvik
- Forbedringsmeldinger
- Mangler på utstyr/materiell/kjøretøy

Totalt er det registrert 849 hendingar i 2022, der 59 er under behandling og 790 avslutta.



Disse fordeler seg på følgende måte:

- 410 avvik<sup>11</sup>, der 24 er under behandling og 386 er avslutta.
- 126 forbedringsmeldinger, der 24 er under behandling og 102 avsluttet.
- 290 mangler på utstyr/materiell/kjøretøy, der 9 er under behandling og 281 avsluttet.


### Vernerundar

Prosedyre, rutine og sjekklister for vernerundar vart utarbeidd i 2021. Vernerundar for alle stasjonane er gjennomført første kvartal 2022.

## 5.5 Sjukefråver

Statistikk frå NAV viser utvikling av legemeldt sjukefråvær for selskapet sine tilsette er for 2022.

1. kvartal	3,5 %	(2021: 4,9 %)
2. kvartal	5,5 %	(2021: 4,2 %)
3. kvartal	3,9 %	(2021: 4,8 %)
4. kvartal	4,4 %	(2021: 5,3 %)



Haugaland brann og redning no lågare sjukefråvær enn kommunal forvaltning. I operativ teneste er det vanskeleg å leggje til rette for arbeid for tilsette med helseutfordringar. Fysiske og psykiske krav til helse er høge. Selskapet vil fortsette arbeidet for å få sjukefråværet ned i administrative og forebyggjande tenester.

<sup>11</sup> Reelt er det vesentleg færre avvik då det som vert registrert høyrer stort sett heime under «manglar på utstyr/materiell/ kjøretøy». Det er ikkje sortert og kategorisert på nytt då det viktigaste er få løyst dei sakene som vert meldt inn.

## 5.6 Informasjon

Det er i HBR etablert ein 50 % informasjonskoordinator, men som i 2022 har vært omprioritert til oppgåver innan beredskap. Intern og ekstern informasjon har dermed i større grad blitt utført innanfor dei ulike avdelingane og i linja.

Til intern informasjon fungerer Bliksund som eit oppslagsverk og som informasjonskanal, i tillegg til alle modulane som er verktøy for den daglege drifta av selskapet. For deltidspersonell som på grunn av stillingsstorleik ikkje har dagleg kontakt med næraste leiar eller selskapets virke, er det etablert eit nyhendeskiv, Tåkespikeren, som publiserast jamleg.

Av ekstern kommunikasjon er dette omdømmebygging, førebyggjande arbeid og generell informasjon til eigarar, innbyggjarar og andre som me i HBR ønsker å kommunisere med.

## 5.7 Prosjekt

Følgjande prosjekt er gjennomført i 2022:

- A. Det store brannløftet i regi av Gjensidigestiftelsen. Dette er eit prosjekt med ei økonomisk ramme på 350 millionar og ei tidsramme i perioden 2015-2022. Prosjektet er i ei avslutningsfase deg brannsjef følgjer opp tiltak og delprosjekt på vegne av stiftelsen.  
  
I tillegg er prosjektleiar Morten Svandal i HBR innleigd som prosjektleiar for leiarutviklingsprogrammet i Det store brannløftet. Dette prosjektet er avslutta i 2022.
- B. Morten Svandal har også vore deltakar i prosjektet «ny brann- og redningskole» i regi av Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap. Engasjementet er avslutta i 2022.
- C. Brannsjef vert nytta som konsulent i Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap etter avtale. Arbeid er knytt opp mot analysearbeid, forskings- og utviklingsprosjekt samt regelverksutvikling.
- D. Brannsjef har vore deltakar i ei evalueringsgruppe på vegne av Norges forskningsråd der FoU-satsinga FRIC vart evaluert i 2022. FRIC er ein sentersatsing i regi av RISE as i Trondheim med ei kostnadsramme på 90 millionar og ei tidsramme på fire år.

## 6 STYRE OG REPRESENTANTSKAP 2022

### 6.1 Møteaktivitet styre

Det er gjennomført 9 styremøte i 2022 med 58 saker:

Saker Dato	Godkjenning av innkalling/saksliste	Protokoll	Styrevaluering	Organisatoriske og interne forhold	Organisatoriske og eksterne forhold	Budsjett, rekneskap og økonomi	Saker vedr. drift	Orientering om drifta	Eventuelt
13. jan	1				1				1
26. jan	1	2	1	2	1			1	1
14. feb	1			1					
28. feb	1			1					
23. mar	1	3		1	2	2	3	1	1
07. apr	1			1					1
24. aug	1	2		1	1	1	1	1	
12. okt	1	1				1	1	1	1
14. des	1	1			1	2	4	1	1

Alle saker er lagt ut på hbre.no.

### 6.2 Møteaktivitet representantskap

Det er gjennomført 5 representantskapsmøte i 2022 med 58 saker:

Saker Dato	Godkjenning av innkalling/saksliste	Protokoll	Organisatoriske og interne forhold	Organisatoriske og eksterne forhold	Budsjett, rekneskap og økonomi	Saker vedr. drift	Orientering om drifta
22. feb	1			1			1
01. mar	1			1			1
29. mar	1			1			
22. apr	1	3	2	3	1	1	
23. nov	1	1		1	1		1

Alle saker er lagt ut på hbre.no.

### 6.3 Anna møteaktivitet

Det er gjennomført 7 eigarmøte, 2 kontaktmøte og 10 forhandlingsmøte i 2022:

Saker Dato	Organisatoriske og eksterne forhold	Budsjett, rekneskap og økonomi
Eigarmøte	5	2
Kontaktmøte	2	
Forhandlingsmøte	10	

## 7. ØKONOMI

### 7.1 Innleiing

Det var nok ikkje mange som såg kva som ville komme i 2022. Forventninga var nok ei normalisering etter ein krevjande pandemi, men så fekk me krig i Europa, ein krig som påverkar økonomien globalt, nasjonalt og heilt ned til oss på eit kommunalt nivå.

Etterverknadar av pandemi og krig i Ukraina har ført til høge kostnader på varer og tenester, auka rentenivå og høg konsumprisindeks. Samstundes med at eksterne forhold påverkar vårt økonomiske handlingsrom, vil også krav om innsparingar gjennom ei stram økonomisk ramme påverke det same handlingsrommet. For å nå budsjettmål er det i 2022 gjennomført fleire tiltak der det mellom anna er:

- budsjettert med bruk av ubundne fond.
- ikkje gjort tilsetjingar i vakante stillingar.
- gjennomført tiltak som gjer drifta vår meir effektiv.
- halde attende investeringar.

Den økonomiske stoda må seiest å vera krevjande og det må for 2023 og åra framover gjerast store tiltak for å klare å møte framtidige økonomiske utfordringar som selskapet står ovanfor.



### 7.2 Rekneskap - drift

Rekneskapet oppsummert (per 1 000,-):

Driftsinntekt:	- 119 386
Driftsutgift:	128 918
<b>Brutto driftsresultat:</b>	<b>9 532</b>
Netto finansutgifter (renter og avdrag):	1 829
Motpost avskrivningar:	- 6 097
<b>Netto driftsresultat:</b>	<b>5 265</b>
Overføring til investering:	3 577
Bruk av bundne/ubundne fond:	- 8 842
<b>Sum</b>	<b>0</b>

Årsak til meirforbruk er i all hovudsak knytta til:

- ny godtgjering etter SFS 2404
- manglande sjukelønsrefusjonar<sup>12</sup>
- auke i kostnad for nødnett (oppdragshandteringsverktøy)
- differanse mellom budsjettert og reell lønsvekst
- høgare prisvekst enn budsjettert.

Fleire av kostnadane var forventa og tiltak vart iverksett tidleg ved å halde igjen tilsetjingar i vakante stillingar. Dette var ikkje nok, og dette skyv seg til 2023 og kjem i tillegg til det som er skissert under punkt 7.1.

Inndekning vil skje gjennom bruk av disposisjonsfond.

<sup>12</sup> Det er sjølvsgatt positivt med lågt sjukefråver.

### 7.3 Rekneskap - investeringar

Rekneskapet oppsummert (per 1 000,-):

<b>Investeringsutgifter:</b>	<b>7 923</b>
<b>Investeringsinntekter:</b>	<b>- 1 480</b>
Overføring frå drift:	- 3 577
Dekning av tidlegare års udekka beløp:	3 461
<b>Sum</b>	<b>6 327</b>

Oversikt viser at me har eit finansieringsbehov på 6,3 millionar som må framførast til inndekning i 2023. Utan at låneramma vert justert, eller at eigarane overtek eigne investeringar som ikkje ligg til selskapet, vil me måtte dekke inn denne kostnaden gjennom driftsmidlar. Dette er ein særdeles økonomisk ugunstig både for eigarane og for selskapet.



Tankbil overlevert Sveio kommune 2022.